

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»

Dato: 03.03.2016  
Vår ref.: 2015/5550-24  
Saksbehandlar: annvedv  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Reduksjon i løyvetalet i Bergen køyreområde - evaluering av drosjeverksemda 2015

Fylkesutvalet handsama sak 37/16 Evaluering av drosjeverksemda i Bergen køyreområde 2015 i møte 25.02.2016 og fatta fylgjande vedtak

1. Fylkesutvalet godkjenner ein reduksjon på 6 % av det totale løyvetalet i Bergen køyreområde. Reduksjonen skal skje gjennom naturleg avgang. Det nye løyvetalet i køyreområdet skal vera 705 løyve, fordelt på 540 ordinære drosjeløyve og 165 reserveløyve.
2. Fylkesutvalet ber drosjenæringa arbeida for å oppnå ein betre balanse mellom kvinner og menn både på løyvehavarsida og på sjåførsida. Ved kunngjering av ledige drosjeløyve vil løyvestyresmakta oppmoda kvinner til å søkja.
3. Fylkesutvalet ber drosjenæringa vera merksam på faren for etnisk polarisering mellom drosjesentralane.
4. Fylkesutvalet ber drosjenæringa heva kvaliteten på kjentmannsprøver og skjerpa krava i språktestane.
5. Fylkesutvalet ber drosjenæringa aktivt arbeide for å auka talet på miljøbilar i bilparken sin basert på lågutslepps- og/eller nullutsleppsteknologi, dvs. både hybrid, el-bil og bil som nyttar hydrogen.

Vidare vart fylgjande oversendingsforslag vedteke:

*"De ulike drosjesentralene i Bergen er i dag selv ansvarlig for å avholde kjentmannsprøver og språktester for tilknyttede løyvehavere og sjåførere. Innholdet i prøvene fastsettes av sentralene selv, og kvaliteten er ujevn.*

*Vi ber om at fylkesrådmannen utreder muligheten for at en nøytral tredjepart kan stå for kjentmannsprøver og språktester, slik at alle sjåførere blir testet på de samme kriterier. Det bes også om et kostnadsoverslag og forslag til hvordan dette kan finansieres."*

Oversendingsforslaget vil ein koma attende til i vårens samarbeidsmøte.

Reduksjon i maksimaltalet på løyve i køyreområde skjer suksessivt med innlevering av løyve. Det går fram av saka at «Fram til dei nye maksimaltala er nådd vil ein ikkje kunngjera ledige løyve i køyreområde.» Det vil ikkje verta tildelt fleire løyve etter søkjarlista for hausten 2015 og det vil ikkje verta kunngjort ledige løyve våren 2016. For hausten veit ein ikkje korleis stoda er.

Den største sentralen kan ha 60% av den nye løyvetotalen, dvs. 423 løyve. Bergen Taxi som er størst må vurdere korleis sentralen vil fordela det nye løyvetalet mellom hovudløyve og reserveløyve.

Overgangssøklarar kan byta sentral då dette ikkje verkar inn på løyvetotalen. Overgangssøklarar kan på same måte som tidlegare gå over til Bergen Taxi dersom sentralen kjem under det makstalet på hovudløyve som sentralen set.

Rolf Rosenlund  
seksjonsleiar

Anne Vedvik  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*